



## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Styret for Fagskulen
<b>Møtestad:</b>	Digitalt
<b>Dato:</b>	01.09.2023
<b>Tid:</b>	Kl. 09-11

### Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigurd Reksnes	Leiar	Eigar (Sp)
Rosalind Fosse	Medlem	Eigar (FrP)
Ann-Kristin Kristoffersen	Medlem	Arbeidsliv (NHO)
Nils Petter Støyva	Medlem	Arbeidsliv (LO)
Viggo Leikanger	Medlem	Tilsette
Sigurd Bergsvik	Medlem	Studentrepresentant

### Følgjande faste medlemer melde

<b>forfall:</b> Namn	Funksjon	Representerer
Bård Sandal	Medlem	Eigar
Kine Bratli Dale	Nestleiar	Eigar (AP)
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	Eigar (H)

### Følgjande varamedlemer melde

<b>forfall:</b> Namn	Møtte for	Representerer
Kathrin Jakobsen	Bård Sandal	eigar
Jan Rune Fossheim	Øvre-Flo	Eigar (FNB)
Marianne Sæle	Kine Bratli Dale	Eigar (SV)

---

## Merknader

Frode Grimelid frå administrasjonen ved fagskulen stilte i møtet som observatør.  
Representanten Sigurd Bergsheim deltok i møtet frå klokka 09 20  
Mediaplus AS ved Birthe Anett Rekkedal og Mads Karlsen deltok med presentasjon av visuell profil.

**Følgjande frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Eilert Årseth	Prorektor
Adeline Berntsen Landro	Prorektor
Hege Aarethun	Administrasjonsleiar
Wenche Irene Sætrevik Jensen	Rådgjevar
Tor Ivar Sagen Sandvik	Seksjonssjef OPK - Kompetanse

---

**Følgjande frå administrasjonen melde forfall:**

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 08/23	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 09/23	Godkjenning av møteprotokoll frå 28.04	2022/486	

## Referatsaker

RS 05/23	Kvartalsrapport økonomi	2022/486	
RS 05/23	Val av ny studentrepresentant	2022/486	

## Vedtaksaker

VS 07/23	Kapasitet ved studiestader		
VS08/23	Løyve til å melde NOKUT om fagområdeakkreditering innan helse- og oppvekstfag	2022/486 2022/486	
VS09/23	Endring av rutine for å akkreditere utdanning innan fagområde	2022/486	
VS10/23	Endring av rutine til å melde NOKUT om endring i utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre»	2022/486	
VS11/23	Ny visuell profil	2022/486	
VS12/23	Oppstart av tilbod våren 2024	2022/486	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 08/23 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 01.09.2023.  
Møteprotokoll og sakliste vart godkjent utan merknader.

### **GK 09/23 Godkjenning av møteprotokoll 28.04.23**

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 01.09.23

Møteprotokoll vart godkjent utan merknader.

## **Referatsaker**

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 01.09.23  
Styret tok referatsakene til orientering

# Vedtakssaker

## VS 07/23 Kapasitet ved studiestader

### Forslag til vedtak:

1. Styret tek saka til etterretning og ber avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse om å svara på om:
  1. fylkeskommunen kan sikre at kvaliteten i utdanninga vert ivareteke ved studiestad Voss framover
  2. at fagskulen sine arealbehov vert dekt
  3. at fagskulen sine arealbehov vert teke omsyn til ved vekst eller endringar ved vidaregåande skular

### Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 01.09.2023

Styret føreslo følgjande vedtak:

1. Styret for Fagskulen Vestland meiner det er svært uheldig at fagskulen på svært kort varsel må flytte ut av studiestaden sine lokale ved Voss v.g. skule og inn på Park Hotell. Styret føreset at det vert funne ei løysing slik at fagskulen vert verande i dei noverande lokala. Styret meiner det er uholdbart for fagskulen å ha undervisning på eit hotell.
2. Styret forventar at tidlegare avtalar vert oppretthaldne. Dersom avtaleverket er utydeleg må dei rettast opp slik at dei ryddar mellom to likeverdige partar. Avtalar må skriftleggjerast.
3. Fylkeskommunen må ivareta fagskulen sin aktivitet i dimensjoneringa av det vidaregåande opplæringstilbodet. Fylkeskommunen må også få fortgang i arbeidet med nye lokale for studiestadene i Bergen, og styret må involverast i høg grad i desse avgjerdene.

### Røysting:

Administrasjonen sitt vedtak fekk 0 stemmer og falt.  
Styrets forslag vart samrøystes vedteken.

### Vedtak:

1. Styret for Fagskulen Vestland meiner det er svært uheldig at fagskulen på svært kort varsel må flytte ut av studiestaden sine lokale ved Voss v.g. skule og inn på Park Hotell. Styret føreset at det vert funne ei løysing slik at fagskulen vert verande i dei noverande lokala. Styret meiner det er uholdbart for fagskulen å ha undervisning på eit hotell.
2. Styret forventar at tidlegare avtalar vert oppretthaldne. Dersom avtaleverket er utydeleg må dei rettast opp slik at dei ryddar mellom to likeverdige partar. Avtalar må skriftleggjerast.
3. Fylkeskommunen må ivareta fagskulen sin aktivitet i dimensjoneringa av det vidaregåande opplæringstilbodet. Fylkeskommunen må også få fortgang i arbeidet med nye lokale for studiestadene i Bergen, og styret må involverast i høg grad i desse avgjerdene.

## **VS 08/23 Løyve til å melde NOKUT om fagområdeakkreditering innan helse- og oppvekstfag**

### **Forslag til vedtak:**

1. Fagskulen Vestland vert gjeve løyve til å søkje NOKUT om akkreditering for fagområdet helse- og oppvekstfag.

### **Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland - 01.09.23**

### **Røysting:**

Samrøystes vedtatt

### **Vedtak:**

1. Fagskulen Vestland vert gjeve løyve til å søkje NOKUT om akkreditering for fagområdet helse- og oppvekstfag.

## **VS 09/23 Endring av rutine for å akkreditere utdanning innan fagområdeakkreditert område**

### **Forslag til vedtak:**

1. Rutinar for å akkreditere og gjere endringar i allereie akkreditert utdanning innan fagområde vert vedteke slik det kjem fram av saka.

### **Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland - 01.09.23**

### **Røysting**

Forslag til vedtak vert samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Rutinar for å akkreditere og gjere endringar i allereie akkreditert utdanning innan fagområde vert vedteke slik det kjem fram av saka.

## **VS 10/23 Løyve til å melde NOKUT om endring i utdanninga Demensomsorg og Psykisk helsearbeid til eldre.**

### **Forslag til vedtak:**

1. Fagskulen Vestland får løyve til å melde NOKUT om ny studiestad på Nordnes for utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre»

### **Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 01.09.2023**

### **Røysting:**

samrøystes vedteke

### **Vedtak:**

1. Fagskulen Vestland får løyve til å melde NOKUT om ny studiestad på Nordnes for utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre»

## **VS 11/23 Ny visuell profil**

### **Forslag til vedtak:**

1. Styret vedtek ny logo og visuell profil for Fagskulen Vestland
2. Saka vert sendt til orientering til Fylkestinget.

### **Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 01.09.2023**

#### **Røysting**

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Styret vedtek ny logo og visuell profil for Fagskulen Vestland
2. Saka vert sendt til orientering til Fylkestinget.

## **VS 12/23 Oppstart av tilbod våren 24**

### **Forslag til vedtak:**

Fagskulen Vestland kan starte opp følgjande utdanningar våren 2024, dersom det vert gjeve dispensasjon frå det samordna opptaket:

- Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre (30 stp), studiestad Nordnes
- Leiing i havbruk (60 stp), studiestad Måløy
- Norsk pommelier utdanning (30 stp), studiestad Ulvik

### **Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 01.09.2023**

#### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

#### **Vedtak:**

Fagskulen Vestland kan starte opp følgjande utdanningar våren 2024, dersom det vert gjeve dispensasjon frå det samordna opptaket:

- Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre (30 stp), studiestad Nordnes
- Leiing i havbruk (60 stp), studiestad Måløy
- Norsk pommelier utdanning (30 stp), studiestad Ulvik